



Unnateke off.

§ 13 1. ledd, jf. fvl. § 13 1.
ledd nr. 1

Referansar:

Dykkar:

Vår: 18/2480 - 18/15657

Saksbehandlar:

Tony Vetaas

tony.vetaas@radoy.kommune.no

Dato:

26.10.2018

Referat frå møte 18.10.18

Til stades:

Anette Øren, Marit Kvamme, Marit Mathisen, Stefany Lunde og Tony Vetaas. Marte Klanderud hadde meldt forfall.

Saker:

- Konstituering og val av leiar.
Marit Kvamme vart valgt til leiar for Samarbeidsutvalet.
Samarbeidsutvalet 18/19 ser slik ut:
Marit Kvamme - foreldrerepresentant og leiar.
Marte Klanderud – foreldrerepresentant.
Marit Mathisen – representant personal.
Stefany Lunde – representant personal.
Agnes Hoshovde Bernes – kommunestyret representant.
Tony Vetaas – referent.
Anette Øren – foreldrerepresentant vara.
- Godkjenning av årsplan.
Årsplanen er todelt og består av ein felles kommunal del og ein lokal del.
Samarbeidsutvalet er nøgd med at det er godt informert vedkommande redusert foreldrebetaling og gratis kjernetid då foreldrerepresentantane meiner dette ikkje har vore godt nok informert om tidlegare.
Elles vert årsplan godkjend.
- Anna.
 - Kvifor gjennomfører ikkje barnehagen udir sin brukarundersøking kvart år?
Radøy kommune har køyrt felles brukarundersøking tidlegare og ynskjer å fortsette med det.
Det er no tre år sidan sist undersøking og det er for lenge.
Vi vil sjå på muligheten for å køyre denne undersøkinga i år.

Post

postmottak@radoy.kommune.no
Radøyvegen 1690, 5936 Manger

Kontakt

Telefon +47 56 34 90 00
Telefaks +47 56 34 90 01

www.radøy.kommune.no
Konto 3636 07 00776
Org.nr. 954 748 634



Tony tek det opp med styrane i dei andre barnehagane i kommunen.

- Er overgang mellom barnehage og skule ivaretatt etter den nye rammeplanen.
Her viser ein til overgangsplanen mellom barnehage og skule som ligg på Radøy kommune sine nettsider.
- Fint om det vert sendt ut dato for SU møter sånn at ein kan sende inn innspel og saker.
Samarbeidsutvalet vil informere om kommande møter god tid på førehand.
- Behandling av personopplysningar.
Når de vert beden om opplysningar om dykkar barn kan de vera trygge på at desse vert håndtert forsvarleg.
Skjema og anna de leverer i barnehagen vert skanna inn og arkivert elektronisk i kommunalt arkiv. Dette er det strenge reglar for.
Papir kopiane de har levert til oss oppbevares i barnehagen så lenge vi har behov for det. Som oftast fram til borna sluttar.
Om informasjon treng overførast til andre som til dømes skulen ved skulestart, anna barnehage om barnet skal bytte barnehage skal det foreligge samtykke frå foresatte på det.
- Blanding av kledeog andre personlege eigendeler.
Foreldra opplever inni mellom at det er vanskeleg å finna att bornas klede. Barnehagen tek dette til etterretning og informerer alle tilsette om at dersom klede er merka må vi gjere ein jobb for å få kleda på riktig plass før barnehagen stenger.
Dette gjeld og andre personlege eigendalar som til dømes drikkeflasker.
- Samarbeidsutvalet ynskjer å jobbe for å få vedtaket i kommunestyret om maks tid for borna på 9 timars dag fjerna. Dette skaper problem for foresatte som har lang reiseveg til og frå jobb.
Når barnehagen har oppningstid frå 7-16.30 bør tilboden kunne nyttast i denne tiden av alle som har trong for det.
- Mobbing i barnehagen er eit tema samarbeidsutvalet ynskjer å få på agendaen dette barnehageåret. Kommunen er med i eit opplegg i regi av udir, med oppfølging av fylkesmannen, som heiter betre barnehage og skolemiljø og dette omhandlar og forebyggande arbeid i høve mobbing.
Vi vil jobbe for å få til ein foreldrekveld med mobbing som tema i løpet av barnehageåret.
- Det kom spørsmål kring foreldreprogrammet i DUÅ og om dette er aktuelt å tilby foreldre i barnehagen i tida som kjem.
Signalene ein har fått på det er at tilbod om foreldrecurso i Radøy ikkje lenger er mogleg å tilby.
- Ei oppmoding eller to til slutt.
Hugs å lukke porten når du går inn eller ut av barnehagen!
Ikkje la motoren på bilen stå i gang når du leverer/henter i barnehagen. Det er lett for at skule barn eller andre forviller seg inn i bilen og det kan skape farlege situasjonar. I tillegg er det ikkje spesielt miljøvenleg.

Møte slutt.

Med helsing

Tony Vetaas
Einingsleiar Sæbø barnehage

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.